


STALHEIM ligg mellom Stalbeimsfossen og Sivlefossen, i grend med gardane Sivle og Brekke. Den mest sannsynlege forklaringa på namnet er «garden ved Stadall», av «standa, stå», truleg med bakgrunn i den bratte Stalheimskleivi. Garden har lenge vore delt i fleire bruk. Skysskifte har det vore på Stalheim frå mellomalderen, og garden vart postgard i 1647.



Gjestgjevarstova frå skysskiftet står i dag på Stalheim museum. Det første STALHEIM HOTEL vart bygt i 1885, då hotellmannen JOHAN ANDERSEN flytta hotelldrifta si frå Vossevangen, der han frå 1883 hadde drive Jernbanehotellet.

Stalheim Hotel vart frå 1888 drive av den svenskfødde hotellmannen ALBERT PATTERSON. Han bygde ny stor hotellbygning for nær 200 gjester, med mo-

derne sanitære innretningar og stor stall og vognrom; – «...Under hans kyndige Drift vandt Hotel Stalheim snart et ry, som strakte sig langt ud over Norges Grænser over hele Europa og Amerika, Australien og Indien. I engelske, tyske og franske Reisebeskrivelser over Norge var Nærøydalen og Stalheim Glanspunktet», skreiv F. SCARLETT i boka «Turistlandet Norge».

Kaare Tønneberg overtok hotellet tidleg i 1930-åra. Han har ytterlegare gjeve

STALHEIM MUSEUM


Det er KAARE TØNNEBERG, eigar av Stalheim Hotel frå tidleg i 1930-åra til etter 1980, som har grunnlagt og bygt opp STALHEIM MUSEUM; ei av dei finaste private samlingane i landet. Alt i 1928 byrja han å samla til museet. Siktemålet var å byggja opp eit tun slik det var føre hamskiftet og den moderne tida. Museet er lagt til Fuglahaugen ovanfor riksvegen ved hotellet. Dei fleste husa er tilflytta frå Vossestrand, men fordi Stalheim administrativt høyrde til Sogn heilt til 1773, har det vore naturleg også å flytta nokre sognahus til museet.

Samlingane på Stalheim er sjeldsynt innhaldsrike; hus, husbunad og reiskap. Skulestova er tilflytta frå Leiddal på Voss, bygd 1881. Det siste huset som er gjenreist på Stalheim Museum, er Lekveshuset frå Lekve på Voss: eit embetsmannshus frå overgangen mellom barokk og rokokko på 1700-talet. Huset er restaurert til den form det hadde i 1790-åra; eit utsøkt antikvarisk gjenreisingsprosjekt.

Det andre Stalheim hotel, i Albert Patterson si tid.

Stalheim eit nesten legendarisk omdøme, både nasjonalt og internasjonalt. Etter ein brann i 1959 bygde han opp att hotellet; det femte Stalheim Hotel. □

Postvegen mellom Stalheim og Oppheim er ein fin turveg.



POSTVEGEN STALHEIM – VINJE

I 1647 vart det skipa ei ordning med fast postgang i Noreg. For å fremja ferdsla sette kongen også i verk ei forordning i 1648 om skyssferd på land og sjø (①166). Nokre av postgardane vart også skyss-stasjonar, som Tvinne, Vinje og Stalheim var det på 1800-talet. Mellom Stalheim og Vossevangen er det att restar av den gamle postvegen fleire stader. I god stand er postvegen frå Stalheim, 400 m vest for Stalheim Hotel, vestetter gjennom tuna på Sleen, Tveito, Lunde til Hauge og Rygg ved Oppheimsvatnet. Her vart gjort mykje arbeid på vegen i åra mellom 1780 og 1800, då VON KROGH var generalvegmeister. Den vakre steinkvelvingsbrua over Giljarhuselvi er frå den tida. På garden Hauge står tingstova frå 1300-talet. Vegen er ein fin turveg gjennom gammalt kultur-

landskap, med fritt utsyn over dalføret og fjellheimen i sør og søraust. Den noverande riksvegtraseen i dalbotnen vart vald ved omlegginga av vegen i 1840-åra.

På nordsida av Oppheimsvatnet gjekk postvegen gjennom gardstuna på Løn, 200 m ovanfor noverande veg langs vatnet. Frå Oppheim kyrkje ligg den gamle postvegen i god stand til den gamle kyrkjestaden på øvre Vinje og ned til noverande Vinje sentrum. Mellom Oppheim og Vinje er her ein turveg langs den gamle postvegen på om lag 4 km. Over Sundvålsvli fører ei fin steinkvelvingsbru frå 1780-åra. På Øvre Vinje ligg den gamle kyrkjegarden til Vinje kyrkje, og frå tunet på Øvre Vinje har ein fin utsikt over Holbyggi mot Lønahorgi.